



Nett no står dette velkjende 4 m høge landemerket i sentrum av Uskedalen i full blom. Det er sjeldan ein ser så store rhododendronar her til lands.

Eg tok ein telefon til Terje Myklebust (oppvaksen på Endregård) for å røkja etter alder og historie elles for nett denne busken. "Er han eldre enn deg?" var innleiinga mi. "Å, ja. Far min fortalde at ein dag han skulka skulen, gøymde han seg i den til dei andre ungane kom heim frå skulen." Terje kan fortelja at Endregård vart bygd i 1914 som feriebustad for familien Grønnestad, som åtte hermetikkfabrikken i Beinavikjo. Dei fekk truleg bygd huset og opparbeidd hagen i same slengen, så busken er nok godt over 100 år gamal.



Fin å gøyma seg i.

Rhododendron kjem av gamal gresk, og kan omsetjast til rhodostre (tre frå Rhodos). Catawbiense kjem av namnet på ei indianarstamme som levde i Alleghennyområdet i USA – Catwbiestamma. No til dags finn ein mange variantar av rhododendron i Noreg, men nett denne – Rhododendron catawbiense – var mellom dei fyrste som vart innførde frå Amerika til Europa. Han vart raskt svært populær over dei delane av Europa kor ikkje vinteren er for streng. Ikkje rart – det er ein viljug busk, og fargen på blomane lyser lang veg. Busken er så viljug at mange vestlendingar vil ha han på raudlista over dyrka artar med fare for ukontrollert spreiding, sjølv om han ikkje er så galen som lupin og rynkerose (som baa er på raudlista).

Vil du ha ein rhododendron til å trivast, finst det nokre tommelfingerreglar: Djup, godt drenert, sur jord (pH mellom 4,5 og 6). Den sure jorda kan ein kan få til ved å nytta torvjord der ein plantar, og seinare sur gjødsel (det finst eigen rhododendrongjødsel). Det heiter seg at rhododendron helst vil ha litt skugge, men vert det for mykje, vil ikkje bladsetjinga verta så tett. Det viktigaste er å unngå at jorda han står i, ikkje vert for turr. Viktig nok om sumaren, men det er turre, kalde vintrar som er farligast. Røtene går ikkje så veldig djupt, så det lönar seg å sørge for at jorda under er våt seinhaustes, og at ein dekker godt til med lauv under busken. Dette hindrar fordamping, og gjer at telen ikkje når så langt ned.

Ein finn ulike artar av slekta Rhododendron over heile verda. Slekta høyrer til lyngplantene (blåbær, lyng, tranebær med fleire), og til denne slekta høyrer også azalea. Skiljet mellom desse to underslektene er at dei aller fleste rhododendron er vintergrøne, med mørkegrøne, læraktige blad. Azalea feller blada om hausten, og blada er vanlegvis mindre, ljosare på farge, og dei er tynnare.

Alle Rhododendron er giftige. Det døyr årleg sauer i Sunnhordland som har vore på vidvanke i hagar om vinteren (dei et det meste som er grønt på denne tida). Giften heiter andromedotoxin, og verkar inn på nerve- muskelfunksjonar og blodirkulasjon. Alle deler av planten er giftig. Ein gresk historikar (Xenophon, om lag 400 år f.k.) fortel om eit hærtog, der soldatane kom over eit stort samfunn villbier. Dei som forsynte seg av honningen (og det var mange), vart svært sjuke. Symptoma var hallusinasjonar, forvirring, pusteproblem, lammelsar og kramper. Det var visst ingen som døyde, men dei som hadde fått i seg mest honning, var sjuke i mange dagar, og hærtoget vart ikkje den suksessen dei hadde tenkt seg. Sjukdomen, som seinare har vorte kjend som "Mad Honey Disease", dukkar med jamne mellomrom opp i Svartehavsområdet (her veks det mykje av to spesielle Rhododendronartar). Det ser ut til at andromedotoxin er farlegast for ein del drøvtyggarar (storfe og småfe) der forgifting svært ofte har dødeleg utgang, medan det ikkje så ofte er dødeleg for andre dyr og menneske – men hugs – giften er farleg!

Sidan siste setning er lite triveleg, lyt me avslutta med ein fin detalj:



Trøystebilete

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland